

FN sin barnekonvensjon

Artikkel 19 (kortform):

Staten skal verne barnet mot fysisk eller psykisk mishandling, vanstell eller utnytting frå foreldre og andre omsorgspersonar.

«Det brenner her inne for meg.»

Refleksjonsspørsmål:

DEL 2 Barnet/barna



- Det står i forteljinga at den tilsette plutselig forstår kvifor Joakim spring. Han spring for livet. Kva for kjensler blir vekke i deg når du les om Joakim? Har du sjølv opplevd krevjande situasjonar med barn som vekker sterke kjensler i deg? Kva gjer kjenslene med deg?
- Kva tenker du at Joakim trenger av dei tilsette rundt han? Kva for ei kompetanse krevjast for å kunne hjelpe Joakim? Kva for eigenskapar hos deg sjølv kan hjelpe andre barn i krevjande situasjonar?
- Er det barn i din eigen barnehage du begynner å tenke på når du les om Joakim? Kven tenker du på da, og kvifor? Korleis kan denne forteljinga bidra til å hjelpe og sjå barn sitt uttrykk og handlingar med fornya blikk?